

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Nina Randal | FE - 233 | 15/2802 |

| | | | |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 07/2016 | Utval for levekår | PS | 19.01.2016 |

Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom Søknader

Vedlegg:

Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I oktober lyste Barne, ungdoms og familiedepartementet ut midlar mot barnefattigdom. Formålet med midlane er å motvirke/dempe konsekvensane av fattigdom blant barn og unge og at fleire barn og unge skal få delta på viktige sosiale arenaer, som ferie, og fritidsaktivitetar. Tiltaka skal bidra til eit meir inkluderande fritidsmiljø. Offentlege instansar, frivillige organisasjonar og private aktørar skal kunne søkje.

For at søknadane frå Meland skal vera støtteberettiga har kommunen sendt inn skjemaet «Kontaktinformasjon og kunngjøring i kommunen 2015». Dette for å sikre ei kommunal forankring. Etter krav frå Bufdir er det oppretta ein knutepunktsfunksjon, og ei knutepunktsguppe. Målet med denne funksjonen er å skape synergieffektar mellom offentleg og privat innsats.

Knutepunktsfunksjonene sitt mandat er:

«Knutepunktsfunksjon er knytta til tenesteområdet Kultur, Frivilligsentralen.

Frivilligsentralen kallar inn til møte/samarbeid med NAV, barnevern, helsestasjon og psykisk helse.

Møta skal innehalde rapportar, erfaringsutveksling, planlegging av tiltak kommande periode og evaluering i forhold til aktuell målgruppe. Kommunikasjon med frivillig sektor vil skje gjennom Frivilligforum som har regelmessige møte.

Tiltaka det skal setjast fokus på er utanforskap, sosial inkludering, skape rammer for kulturell deltaking og senke terskelen for deltaking i kultur og organisasjonsliv. blant anna å vurdere søknadane og setje opp ei prioriterings liste. Prioriteringslista blir presentert i Ungdomsrådet for innspel.»

Søknadane skal vurderast og prioriterast administrativt og politisk i Utval for levekår. Det skal leggjast til rette for at barn og ungdom kan delta og ha innflytelse i prioritering.

Knutepunktsgruppa har i møte 6.01.16 sett på søknadane og sett opp ei prioritetingsliste. Lista blir presentert i Ungdomsrådet 7.01.16 for innspel.

Vurdering

Det er komme inn 6 søknader frå Meland.

Knutepunktsgruppa har i møte 6.januar 2016 sett opp ei prioriterings liste med begrunning.

1. Sommaraktivitetar for barn – Meland Frivilligsentral. Sommaraktivitetar for barn føregår over ei veke. Ulike organisasjonar saman med Frivilligsentralen står for ulike aktivitetar som t.d. Rognappen, golf, lage tau etc. Tiltaket rettar seg spesielt mot barn som opplever barnefattigdom og flyktningbarn. Tilbodet går ut til alle på barnetrinnet i grunnskulen. Det er då høve for ei påmelding opp til 50% av plassane for dei som tiltaket rettar seg spesielt mot. Ved utgong av påmeldingsfrist vil barn frå denne gruppa ha ein fortrinnsrett. Det er viktig at barna deltar på aktivitetene innanfor trygge rammer.
Søknadssum: 100 000,- I søknadssummen ligg det inne ei assistentstilling (sommarjobb). Dette for sikre at ein vaksen er til stades på alle aktivitetane. Oppgavene er å ha ansvar for kven som deltek frå dag til dag, at barna kjem seg på bussen til og frå, om nokon av deltakarane har spesielle behov som må takast hensyn til, kontaktperson for foreldra, planleggjing etc.

Vurdering: Ein har positive erfaringar med tiltaket frå før. Det er eit lavterskeltilbod der ein legg vekt på inkludering og sosiale møtepunkt for alle barn/ungdom. Aktivitetane skjer i nærmiljøet og er gratis. Ein ønskjer å vurdere om tilbodet kan utvidast til andre feriar.

2. Film for alle – Ungdomslaget Framsteg. Vil gje barn og ungdom høve til å gå på gratis kino. Tiltaket vil også gje ungdom som fell utafor typiske fritidsaktiviteter oppgaver dei kan mestre og delta på. Barn og ungdom får vera med å velge kva filmar som skal visast. I tillegg til voksne, er det også barn og ungdom som hjelper til med å gjennomføre arrangementet. Dei set opp utstyr, står i kiosken og gjennomfører andre praktiske gjeremål. Alle som vil får vera med.

Søknadssum: 30 269,-

Vurdering: Ungdomslaget har erfaring med aktiviteten, utstyr, filmisens og lokale. Ungdomshuset ligg på Rossland, nord i kommunen, der det er lite aktivitetstilbod til ungdom utanom idretten. Dei legg vekt på inkludering, og legg til rette for sosiale møtepunkt for alle barn/ungdom.

3. Kultur på kort – Meland Frivilligsentral. Kulturkort/inngangsbilletter til ulike sosiale arenaer. Tiltaket vil gje inngangskort/billetter til ulike kulturtilbud som kan nyttast av barnefamiliar og ungdom som ellers ikkje har høve til å delta. Dette er spesielt viktig inn mot fridagar og høgtider for å gje konkrete opplevingar som kan vera samlande og gje eit aktivitetstilbod på dagar som elles ikkje har organisert aktivitet.

Søknadssum: 50 000,-

Vurdering: Dette er eit konkret tilbod der mottakaren får billetter i staden for pengar som kan brukast på andre ting. Tiltaket fangar opp barn i alle aldrar og familiar, og gjev felles opplevingar for familien.

4. Jevnleg Filmframvisning (kino) for barn ved barneskulen og barn ved ungdomsskulen. Ungdomslaget Solglytt. Ein ettermiddag for barneskuleelever. Ein ettermiddag/kveld for ungdomsskuleelever.

Søknadssum: 10 000,-

Vurdering: Grappa har allereie valgt eit tilsvarande tiltak i eit område som ligg lengre vekk frå liknande tilbod. Ein ser det som positivt at Ungdomslaget har søkt, og oppfordrar dei til å søke neste år.

5. Ferie for alle – Frivilligsentralen i Meland. Å gje familier innafor tiltakets målgruppe ei ferieoppleving som ikkje gjev prioriteringsvansker i forhold til økonomi. Det kan til dømes leigast hytte på Kvamskogen i 10 dagar. Familiar kan låne hytta i opp til 3 dagar i vinterferie/påske, og få dagskort i nærmeste skianlegg.

Søknadssum: 60 000,-

Vurdering: I motsetning til Røde Kors sitt tilbod – Ferie for alle – er dette tilbodet berre retta mot enkeltfamiliar, og passar ikkje alle typar familiar.

6. Bursdag for alle – Meland Frivilligsentral. Å sikre at alle barn i barnehage og barneskule har høve til å delta på bursdagsselskap til barn i same klasse/gruppe, uavhengig av familieøkonomi. Dette ved å etablere ein bursdagskasse med gaver som lærarar og SFO-ansatte kan hente ut gaver frå til barnas føresatte ved behov.

Søknadssum: 10 000,-

Vurdering: Her treng ein meir grunnlag for å vite om tilbodet når ut til den aktuelle grappa.

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Knutepunktsgruppa har vurdert søknadane og sett opp prioriteringslista etter retningslinene til Bufdir.

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår godkjenner prioriteringa av søknadane til nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom slik den ligg føre i vurderinga.

Utval for levekår - 07/2016

ULK - behandling:

Framlegg til vedtak frå Stian Lavik (Krf):

Utval for levekår godkjenner prioriteringa av søknadane til nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom slik den ligg føre i vedtak frå Ungdomsrådet sak 08/2016:

Prioriteringa for tilskot til nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom vert følgjande, med tilleggspunkt til grunngevinga og vurderinga:1. Sommaraktivitetar for barn. Bør innehelde

gratis/betalt fotballskule eller liknande tiltak2. Film for alle. Må marknadsførast til resten av kommunen. Ein må tenkje på gratis transport til tiltaket.3. Kultur på kort. Ein må tenkje på gratis transport til tiltaket.4. Bursdag for alle. Tiltaket bør være organisert av kommunen utan at lærarar skal vere involvert, til dømes av NAV og barnevernet.5. Ferie for alle. Ein må òg inkludere støtte til transport og leige av skiutstyr eller liknande.6. Jamleg Filmframsyning.kkkEin må generelt leggje til rette for gratis transport ved tiltaka.

Avrøysting: Framlegget i møte fekk **9 røyster for** og **0 røyster mot**, og vart såleis **samrøystes vedteke**.

ULK - vedtak:

«Utval for levekår godkjenner prioriteringa av søknadane til nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom slik den ligg føre i vedtak frå Ungdomsrådet sak 08/2016:Prioriteringa for tilskot til nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom vert følgjande, med tilleggspunkt til grunngjevinga og vurderinga:1. Sommaraktivitetar for barn. Bør innehalde gratis/betalt fotballskule eller liknande tiltak2. Film for alle. Må marknadsførast til resten av kommunen. Ein må tenkje på gratis transport til tiltaket.3. Kultur på kort. Ein må tenkje på gratis transport til tiltaket.4. Bursdag for alle. Tiltaket bør være organisert av kommunen utan at lærarar skal vere involvert, til dømes av NAV og barnevernet.5. Ferie for alle. Ein må òg inkludere støtte til transport og leige av skiutstyr eller liknande.6. Jamleg Filmframsyning.Ein må generelt leggje til rette for gratis transport ved tiltaka.»